



FYLKESMANNEN
I SOGN OG FJORDANE

Forvaltningsplan for Ønaholmane naturreservat i Hyllestad kommune




Rapport nr. 9-2009



FYLKESMANNEN I SOGN OG FJORDANE

Fylkesmannen er Regjeringa og staten sin fremste representant i fylket, og har ansvar for at Stortinget og Regjeringa sine vedtak, mål og retningslinjer vert følgde opp. Fylkesmannen skal fremje fylket sine interesser, ta initiativ både lokalt og overfor sentrale styringsorgan.

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane har oppgåver innan landbruk og bygdeutvikling, miljøvern, sosialsektoren, sivil beredskap og overfor kommunane. Vi er om lag 110 tilsette, og er organisert slik:



HER FINN DU OSS:

Statens hus, Njøsavegen 2, Leikanger
Telefon 57 65 50 00 – Telefaks 57 65 50 55
Postadresse: Njøsavegen 2, 6863 Leikanger

Landbruksavdelinga:

Fjellvegen 11, Førde
Telefon: 57 72 32 00 – Telefaks 57 72 32 50
Postadresse: Postboks 14, 6801 Førde

E-post: post@fmsf.no

Internett: <http://www.fylkesmann.no/sfj/>
<http://sognogfjordane.miljostatus.no>

Framsidedfoto: Ønaholmane naturreservat (austre holme). Foto: Tore Larsen

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane	Fylkesmannen i Sogn og Fjordane Rapport nr. 9-2009
Forfattarar Heidi Sandvik	Dato Desember 2009
Prosjektansvarleg Tore Larsen	Sidetal 34
Tittel Forvaltingsplan for Ønaholmane naturreservat i Hyllestad kommune	<i>ISBN 978-82-92777-12-1</i> <i>ISSN 0803-1886</i> <i>Rapporten ligg også på nettstaden Miljøstatus</i>
Geografisk område Sogn og Fjordane	Fagområde Naturvern
<p>Samandrag</p> <p>Dei to Ønaholmane med nærliggande skjer og omliggande sjøareal vart ved kgl.res. 28.05.1993 verna under namnet Ønaholmane naturreservat. Føremålet med vernet er å gje sjøfuglane gode og trygge livsvilkår, og å ta vare på ein viktig hekkelokalitet for sjøfugl med naturleg tilhøyrande vegetasjon og dyreliv. Reservatet er ein viktig hekkelokalitet for fleire artar av kyst- og sjøfugl.</p> <p>Føremålet med forvaltingsplanen er å:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Vere eit hjelpemiddel til å realisere føremålet med naturreservatet. Planen byggjer på verneforskrifta og den kunnskapen som finst om reservatet og om sjøfugl • Klargjere kva spelerom grunneigarar og andre brukarar har i det freda området • Gje grunneigarane og allmenta innsyn i kva siktemål og strategi forvaltingsstyresmakta har for naturreservatet <p>Bevaringsmål:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Talet på artar og par som hekkar i reservatet skal vere på <i>minst</i> same nivå som i perioden rundt vernetidspunktet, dvs. fem par ærfugl, tre par tjeld, eitt par raudstilk, to par svartbak, 50 par fiskemåse, 100 par ternar sp. og eitt par tjuvjo. Det er ønskjeleg at grågås etablerer seg fast som hekkefugl i reservatet. Siland og teist skal også hekke her, men vi har ikkje grunnlag for å spesifisere eit tal her. • Holmane skal vere tilgjengelege og eigna for hekking for dei nemnde artane, dvs. at området skal vere utan tre, og at buskar og kratt skal haldast nede • Fuglane skal ikkje bli unødig uroa av ferdsel i hekketida. <p>Holmane er i stor grad dekt av lyng og har mange spreidde, mindre lauvtre. Granene som stod på den midtre holmen vart felte i 2009. Det står att nokre mindre grantre på den austre holmen. Lauvtrea på holmane, og primært også grantrea på den austre holmen, bør fjernast. Tre, buskar og kratt som deretter veks opp, bør fjernast før det blir så høgt og av eit slikt omfang at det reduserer kvaliteten av området som hekkeplass for sjøfugl.</p> <p>Gjennom synfaringar og fugleteljingar vil Fylkesmannen følgje med på utviklinga i hekkebestandar og vurdere resultat av utført skjøtsel.</p>	
Emneord 1. Naturvern 2. Sjøfugl 3. Forvaltingsplan 4. Biologisk mangfald	Ansvarleg Fylkesmannen i Sogn og Fjordane

Føreord

Ønholmene naturreservat er eit av 57 sjøfuglreservat i Sogn og Fjordane som vart verna ved kgl. res. 28.05.1993. Dette er den første forvaltningsplanen for området, og ein av 17 forvaltningsplanar som Fylkesmannen sette i gang arbeid med hausten 2008. Ingen av dei 57 sjøfuglreservata i fylket hadde fått utarbeidd forvaltningsplanar før dette.

Dei fleste av desse 17 naturreservata vart valde ut til arbeidet med forvaltningsplan på grunn av stort behov for vegetasjonsskjøtsel for å fremje verneføremålet. Sjøfuglane hekkar på bakken og dei vil ha område med godt utsyn til alle kantar for å føle seg trygge. Dei siste åra har det derfor også vore sett i gang rydding av tre og kratt som veks opp i fleire sjøfuglreservat i fylket.

Den største utfordringa for sjøfuglane for tida er likevel å finne nok næring i sjøen til å gjennomføre hekking. Låg ungeproduksjon på grunn av næringsmangel har dei siste åra vore eit problem rundt heile Nordsjøen. Med dei problema sjøfuglane er inne i på grunn av manglande næringstilgang, er det viktig at hekkeplassane er best mogleg eina for dei fuglane som faktisk går til hekking. Aktuelle skjøtselstiltak for å gjenskape og oppretthalde best moglege vilkår for hekkande sjøfugl er derfor eit sentralt tema i forvaltningsplanane.

Fylkesmannen har hatt 12 forvaltningsplanar for sjøfuglreservat på høyring i 2009. Høyringsbrevha vore sendt til grunneigarar, aktuelle offentlege etatar og fleire lokale og regionale lag og organisasjonar. Høyringsdokumenta har lege på Fylkesmannen sine heimesider. Vedtekne forvaltningsplanar er å finne på Miljøstatus for Sogn og Fjordane (<http://sognogfjordane.miljostatus.no>), under "Rapportar", som er ei lenkje under "Kart og geodata" på hovudmenyen. Planane ligg også under tema sjøfuglreservat i Miljøstatus.

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane er forvaltningsstyresmakt for alle sjøfuglreservata i Sogn og Fjordane.

Rådgjevar Heidi Sandvik har ført framlegga til forvaltningsplanane i pennen. Det er også ho, i samarbeid med andre fagpersonar hos Fylkesmannen, som har gjennomført høyringa og slutført arbeidet med forvaltningsplanane. Tore Gundersen i Statens Naturoppsyn har bidrege med hjelp under synfaringane, både i form av transport og erfaringar frå skjøtelsarbeid.

Leikanger, desember 2009

Nils Erling Yndesdal (sign.)
fylkesmiljøvernshjef

Innhold

1	Innleiing	6
2	Eksisterande kunnskap om sjøfuglane i fylket	7
2.1	Registreringar	7
2.2	Tilstand	7
2.3	Utfordringar	8
3	Ønaholmane naturreservat	9
3.1	Skildring av planområdet	9
3.2	Naturkvalitetar	9
3.3	Tilstanden i Ønaholmane naturreservat	10
3.4	Bevaringsmål for Ønaholmane naturreservat	11
4	Brukarinteresser i Ønaholmane naturreservat	13
4.1	Beiting og lyngbrenning	13
4.2	Friluftsliv og ferdsel	14
4.3	Jakt	14
4.4	Fiske	15
4.5	Taretråling	16
4.6	Akvakulturanlegg	16
4.7	Redningsteneste m.m.	16
4.8	Drift og vedlikehald av anlegg	16
4.9	Lågtflyging	16
5	Skjøtsel	17
5.1	Generelt om skjøtelsbehov i sjøfuglreservata	17
5.2	Om behovet for skjøtselstiltak i Ønaholmane naturreservat	18
5.3	Framtidige skjøtselstiltak i Ønaholmane naturreservat	20
5.4	Praktisk gjennomføring av skjøtselstiltak (vegetasjonsrydding)	21
6	Tilstandsovervaking og forvaltning	23
6.1	Overvaking av tilstand og oppfølging av bevaringsmål	23
6.2	Praktisering av dispensasjonsheimlane i verneforskrifta	24
6.1	Sakshandsaming ved dispensasjonssøknader	26
6.2	Skilting og informasjon	27
6.3	Ilandstiging i hekketida - rapportering	27
6.4	Statens naturoppsyn - kontaktinformasjon	28
7	Kjelder	29
8	Vedlegg	31
8.1	Vedlegg I – Verneforskrifta	31
8.2	Vedlegg II – kart som viser vernegrensene	33

1 Innleiing

Vern av areal med særlege naturverdiar er i Noreg regulert av naturmangfaldlova, som 1.7.2009 avløyste den gamle naturvernlova. Føremålet med vern er å sikre at kvalitetane i naturen vert tekne vare på for framtida. Vern som naturreservat (§ 37) er den strengaste av verneformene og blir m.a. brukt for område som inneheld trua, sjeldan eller sårbar natur, område av ein bestemte naturtype, er viktig for biologisk mangfald, utgjer ein spesiell geologisk førekomst eller har særskilt naturvitskapleg verdi.

Dei to Ønaholmane med nærliggande skjer og omliggande sjøareal vart ved kgl.res. 28.05.1993 verna under namnet Ønaholmane naturreservat. Føremålet med vernet av Ønaholmane, slik det er skrive i del III i verneforskrifta, er: *"å gje sjøfuglane gode og trygge livsvilkår, og å ta vare på ein viktig hekkelokalitet for sjøfugl med naturleg tilhøyrande vegetasjon og dyreliv"*.

Med sjøfugl meiner vi dei artane som lever av og ved havet størsteparten av året. Typiske representantar for sjøfuglane er stormfuglar (t.d. havhest), suler, skarvar, dei fleste måsefuglane (måsar, ternar og joar) og alkefuglane. Av andefuglane i Sogn og Fjordane er det berre ærfugl som er typisk sjøfugl. Det var desse artane det var lagt størst vekt på då sjøfuglreservata i fylket vart oppretta.

Verneforskrifta for Ønaholmane naturreservat, del VII, seier at *"Forvaltningsstyresmakta, eller den som forvaltningsstyresmakta gjev fullmakt, kan gjennomføre skjøtselstiltak i samsvar med føremålet med vernet. Det kan utarbeidast forvaltningsplan, som skal innehalde nærare retningslinjer for gjennomføring av skjøtselstiltaka."* Heile verneforskrifta er gjengjeven i vedlegg 1.

Forvaltningsplanen skal vere eit hjelpemiddel til å realisere føremålet med vernet. Hovudføremålet er å gi ei oversikt over tilstand og utfordringar i Ønaholmane naturreservat, klargjere nærare kva spelerom grunneigarar og andre brukarar har i det verna området, og å konkretisere nødvendige tiltak for å gi sjøfuglane gunstige hekkeforhold. Forvaltningsplanen byggjer på verneforskrifta og den kunnskapen som finst om verneområdet.

I verneforskrifta står det lista opp kva tiltak som i utgangspunktet er forbode innafør vernegrensene, kva som utan vidare er tillate og kva som krev løyve frå forvaltningsstyresmakta for å kunne gjennomførast. Forvaltningsplanen skal vere ei rettesnor for forvaltningsstyresmaktene si tolking av verneforskrifta, både når det gjeld dispensasjonspraksis og ulike praktiske tiltak som forvaltningsstyresmakta vil setje i verk eller støtte. Planen skal også gje grunneigarane og allmenta innsyn i kva siktemål og strategi forvaltningsstyresmakta har for naturreservatet. Med det vil dei betre kunne planleggje eigne aktivitetar, og betre bidra til å fremje verneføremålet sjølve. Dei vil også ha eit betre utgangspunkt for initiativ overfor forvaltningsstyresmakta, og eit grunnlag for kvalitetskontroll av forvaltninga.

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane er forvaltningsstyresmakt for Ønaholmane naturreservat, og står for planlegging (forvaltnings- og skjøtelsesplanar) og handsaming av saker etter verneforskrifta. Verneforskrifta er juridisk bindande, medan forvaltningsplanen er retningsgivande for Fylkesmannen si praktisering av forskrifta og gjennomføring av praktiske tiltak i naturreservatet. Forvaltningsstyresmakta er ansvarleg for skjøtsel. Statens naturoppsyn (SNO) har ansvar for oppsyn i naturreservata, og har i samråd med Fylkesmannen også teke på seg skjøtelsesarbeid så langt kapasiteten tillèt.

Revisjon av forvaltningsplanen bør skje når tilhøva i reservatet krev det, med grunnlag i erfaringar og vurderingar av konsekvensar av forvaltnings- og skjøtselstiltak i reservatet. Som generell rettesnor er det tilrådd at forvaltningsplanar vert reviderte minst kvart 10. år.

2 Eksisterande kunnskap om sjøfuglane i fylket

2.1 Registreringar

I Sogn og Fjordane vart det ved kgl. res 28.5.1993 oppretta 57 sjøfuglreservat, fremja av Miljøverndepartementet. Det var gjort ei omfattande kartlegging av sjøfuglområda i Sogn og Fjordane før vernet (Godø 1982, 1983, 1984), med oppfølgjande teljingar etter fredinga (Godø 1994/1995, 2000). Teljingar over ein såpass lang periode har gitt oss eit godt innsyn i kva nivå hekkebestandane av ulike sjøfuglartar låg på ved fredingstidspunktet, og eit utgangspunkt for å vurdere kva som er naturlege variasjonar i hekkebestandane over tid. Frå 2003 har Fylkesmannen i samarbeid med Statens Naturoppsyn talt fugl i sjøfuglreservata kvar sommar, men alle reservata har ikkje vorte talde kvart år.

2.2 Tilstand

Hekkebestandane av sjøfugl i Sogn og Fjordane braut saman i løpet av 2003/2004, på same tid som sjøfuglbestandane elles rundt Nordsjøen. Svært få fuglar la egg, og av dei få ungane som blei ruga ut kom nesten ingen på vengane. Den einaste faktoren som kan forklare hekkesvikt over så pass store geografiske område er næringsmangel. Årsaka til næringsmangelen kan vere samansett, men overfiske, kanskje i kombinasjon med auka havtemperatur, er nok den viktigaste forklaringa. Bestandane av havsil (tobis), som både er basisføde for mange sjøfuglartar og ein nøkkelart i økosystemet i Nordsjøen, forsvann nærmast i 2004.

Alle dei tre stormåsane, **svartbak**, **gråmåse** og **sildemåse** vart hardt ramma av samanbrotet i Nordsjøen i 2003/04. Desse artane var på god veg tilbake i 2007, men frå 2007 til 2008 vart hekkebestanden meir enn halvert for sildemåse og gråmåse. For svartbak viste teljingane i 2008 berre ein tredel av 2007-bestanden. **Fiskemåsen** har ein stabil, men svært liten hekkebestand på kysten; så liten at det truleg vil ta lang tid før den når gamle høgder – om den nokon gong gjer det. Hekkebestanden av **krykkje** i fylket er ein tidel av bestanden i 1995, men ser no ut til å halde seg stabil eller vere i svak auke. **Ternene** har vore nesten heilt borte frå kysten av Sogn og Fjordane etter ein rask nedgang som begynte for drygt 10 år sidan. I 2007 vart ternar for første gong i dette hundreåret funne hekkande ved den ytre kyststripa, men i 2008 var desse borte - og det meste av hekkebestanden i fylket blei funne i ein enkelt koloni innaskjers. **Tjuvjo** vart for første gong ikkje registrert under sjøfuglteljingane i Sogn og Fjordane i 2007, og er truleg forsvunne som hekkefugl i fylket. Under tilsvarande teljingar på 80-talet vart det jamt over sett 60 individ, men samanbrotet for denne arten kom allereie på 90-talet.

Grågåsa har også gått ein del tilbake dei siste åra, og dei store myteflokkane som brukte å liggje i Askvoll har vi ikkje sett dei siste åra. Frå 2007 til 2008 har det likevel skjedd ein liten auke, men denne har skjedd gjennom ei jamn spreining av arten utover i fleire av sjøfuglreservata. **Ærfuglen** ser ut til å produsere svært få ungar for tida. Hekkebestanden av ærfugl i fylket var i 2008 den minste som er registrert nokon gong. Etter oljeutslippet frå MS *Server* vinteren 2007/2008 var dessutan talet på ærfuglar i dei store fjørfellingsflokkane halverte i høve til åra før, og året etter var det endå færre.

Havhest hekkar i ein svært liten, men tilsynelatande stabil bestand i to av sjøfuglreservata i nord. Hekkebestanden av **toppskarv** var på eit historisk lågmål tidleg på 2000-talet. Toppskarven ser ikkje ut til å ha vore alvorleg påverka av næringssvikten i Nordsjøen, og truleg har andre og meir lokale faktorar ført til den generelle tilbakegangen i fylket sidan 80- og 90-talet. Arten er følsam for taretråling og ilandstiging på hekkeplassane.

Alke og lomvi er på om lag same bestandsnivå eller litt lågare enn dei siste ti-femten åra. Hekkebestanden av **lundefugl** i fylket er redusert dei siste tiåra, men har halde seg stabil sidan 2005. Hekkebestanden av **teist** braut saman på slutten av 80-talet, og har vore liten sidan. Til skilnad frå dei andre alkefuglane fiskar teisten i tareskog, og er dermed følsam for taretråling.

2.3 Utfordringar

I følgje rapporten "Vest-Nordiske sjøfugler i et presset havmiljø", som vart publisert etter eit arbeidsseminar om sjøfugl som samla ekspertar frå fleire fagmiljø på Færøyane hausten 2007, har klimastyrte endringar i havet nærast slått ut fleire ledd i næringskjeda til sjøfugl i nordiske farvatn. Dei fuglane som møter opp på hekkeplassane slit med å finne nok mat. Resultatet er at få ungar lever opp. Det er normalt at sjøfuglar kan stå over hekkinga enkelte år. Når dette gjentek seg er det derimot grunn til bekymring. No er vi i ein situasjon der fleire artar har hatt mislukka hekking fleire år på rad.

Ein hovudkonklusjon i denne ekspertgruppa sin rapport er at det i ei tid med uoversiktlege og komplekse problem for sjøfugl knytt til klimaet, er viktigare enn nokon gong å ta kontroll over andre menneskeskapte faktorar som påverkar sjøfugl negativt. Dette kan vere faktorar som overfiske som medfører redusert næringsstilgang for sjøfuglane, at fugl vert fanga i fiskereiskapar og døyr (bifangst), oljeforureining, miljøgifter, jakt og fangst, uroing i viktige leveområde, eller framande artar som kan true hekkande sjøfugl.

Sjøfuglteljingar i Sogn og Fjordane dei siste åra viser at endringane i sjøfuglbestandane i sjøfuglreservata samsvarar med omfanget av fisket etter tobis, på den måten at hekkebestandane av sjøfugl har vore på eit lågmål når tobisen har vore nedfiska og auka i takt med auka tobisbestandar når fisket har vore stoppa. Tobis er ikkje nødvendigvis næring for sjøfuglane direkte, men står så sentralt i økosystemet at endringar i bestanden påverkar fleire ledd i næringskjedene. Det er samtidig grunn til å vere merksam på andre moglege bidrag til svake hekkesesongar. I 2008 vart det t.d. gjennomført seismikkskyting sør på kysten av fylket. Forsøk har tidlegare vist at fisk forlèt område med seismikkskyting, så slik aktivitet nær land midt i hekketida vil naturleg nok kunne skape problem for sjøfuglane sin næringsstilgang.

Politikarar og nasjonale styresmakter har den siste tida sett eit større fokus på sjøfuglforvaltning. Miljøvernministrane i dei nordiske landa vedtok i eit møte i Stockholm i september 2008 at det skal arbeidast med ein nordisk tiltaksplan for å motverke nedgangen i sjøfuglbestandane i Vest-Norden. Tiltaksplanen skal utarbeidast gjennom eit samarbeid mellom dei aktuelle nasjonale styresmaktene i dei berørte nordiske landa.

I ein situasjon der mattilgangen er ein avgrensande faktor, vil det vere særleg viktig at sjøfuglreservata er attraktive og eigna for hekking, slik at flest mogleg fuglar kan hekke og få fram ungar innafor rammene av det mattilgangen tillèt. Gunstige forhold i hekkeområda kan vere avgjerande for at sjøfuglbestandane kan ta seg opp i år med betre næringsstilgang. I eit slikt perspektiv ser Fylkesmannen det som viktig at verna hekkelokalitetar er tilgjengelege for fuglane i best mogleg tilstand. For ein del sjøfuglreservat er det nødvendig med skjøtsel for å halde vegetasjonen låg og fri for skog. Det er også viktig at ferdselsforbodet i verneområda blir etterlevd, slik at fuglane ikkje blir unødig uroa.

3 Ønaholmane naturreservat

3.1 Skildring av planområdet

Reservatet dekkjer eit areal på om lag 279 da, og av dette er om lag 84 da landareal. Naturreservatet ligg i Åfjorden, på nordsida av Lifjellet, og omfattar to større holmar, ein liten holme og nokre skjer. Fjellgrunnen er kambrosilurske sedimentbergartar. Holmane er i stor grad dekt av lyng og har mange spreidde, mindre lauvtre. Grantrea som stod på den midtre holmen (lengst mot nordaust av dei to store holmane) vart felte i 2008. Det står nokre grantre på den austre (vetle) holmen.



Flyfoto av Ønaholmane, som ligg i den indre skjergarden, nord for Lifjellet i Åfjorden. Foto henta frå www.norgebilder.no. Grensene for naturreservatet er merkte med raudt.

3.2 Naturkvalitetar

Ønaholmane er viktig hekkeplass for fleire artar av kyst- og sjøfugl. Av påviste hekkande artar kan vi nemne ærfugl, tjeld, steinvendar, raudstilk, svartbak, fiskemåse, makrellterne, raudnebbterne og teist. Alle dei hekkande fugleartane finst på den vestre holmen. Området er rekna for å ha særleg stor verdi som hekkeplass for makrellterne og fiskemåse. I 1984 hekka om lag 150 par makrellterne, 50 par raudnebbterne og ca 45 par fiskemåse. I 1983 hekka 165 par fiskemåse, men noko færre ternar enn i 1984. Dei siste åra har det hekka mindre enn ti par fiskemåsar og ingen ternar.

Vegetasjonen er dominert av lyng og har mange spreidde, mindre lauvtre, som til saman reduserte tilgjengeleg hekkeareal.

I grunnlagsundersøkingane for vernet var det berre området sin funksjon for fugl som vart kartlagt. Det er såleis ikkje gjort granskningar av eventuelle andre miljøkvalitetar i området.

3.3 Tilstanden i Ønaholmane naturreservat

Makrellterne og raudnebbterne hekka i stort tal i naturreservatet tidleg på 80-talet, med opp til 200 par (blanding av raudnebbterne og makrellterne). Etter dette vart det ikkje gjennomført teljingar i Ønaholmane naturreservat før i 2006. Under teljinga dei siste åra har det ikkje vore registrert eit einaste hekkande par terne. Ternar hekkar mest på karrige holmar med lite vegetasjon, og auka gjengroing kan vere ei viktig årsak til at det ikkje har hekka ternar i Ønaholmane naturreservat på lange tider. Ternene er dessutan kjent for å kunne flytte hekkekoloniane frå år til år etter kvar næringstilgongen er best. Det siste tiåret har talet på hekkande ternar likevel gått sterkt ned langs heile kysten av Sogn og Fjordane, slik at vi kan slå fast at det ikkje berre er snakk om lokale forflyttingar.

Talet på hekkande fiskemåsar har gått kraftig ned på Ønaholmane frå tidleg på 80-talet og fram til i dag. Også elles i fylket har talet på hekkande fiskemåsar mange stader gått kraftig ned det siste tiåret. Svartbak har hekka med 2-4 par dei siste åra. Før dette er svartbak berre registrert hekkande ein gong med eitt par på 80-talet. Gråmåse er registrert som hekkande berre eitt år, med tre par i 2006. Både gråmåse og svartbak vart hardt ramma etter samanbrotet i sjøfuglbestandane (pga. av næringssvikt) i Nordsjøen i 2003/2004, og har gått sterkt tilbake i fylket samla.

Tjuvjoen hekka med eitt par i 1982 og har sidan ikkje vore registrert i reservatet. Denne arten ser ut til å ha forsvunne som hekkefugl i heile fylket.

Art	1982	1983	1984	2006	2007	2008
Grågås						3
Ærfugl		1	5	7 ind.	3	5
Siland		1 ind.	7 ind.	7 ind.		
Tjeld	2	1	4	6 ind.	3	2
Raudstilk	1	1	2			
Steinvendar	1		1			
Svartbak	1			4	2	2
Strandsnipe	1			1 ind.		
Gråmåse				3		
Fiskemåse	42	165	45	7	8	5
Terne sp.	10	120	200			
Tjuvjo	1					
Teist		3 ind.	8 ind.			

Tabell 1. Tal hekkande par (=reir/ungekull) for dei viktigaste artane i Ønaholmane naturreservat i tida før vernet (1982, 1983 og 1984) og tre seinare år (2006, 2007 og 2008). Talet på individ (ind.) er oppgitt for artar det ikkje er registrert hekking av, eller tal hekkande par er høgst usikkert. Nemninga "terne sp." tyder summen av makrellterne og raudnebbterne. Med unntak av teljingane i 1982 og 1983, som vart gjennomførde 24. og 27. juni, er alle teljingane gjort i første halvdel av juni.

Talet på hekkande ærfugl har halde seg nokså stabilt på Ønaholmane, med opptil fem par hekkande. Hekkebestanden av ærfugl i fylket generelt er no på eit lågmål.

Grågåsa har vore registrert hekkande berre eitt år. Det var ved teljinga i 2008, med tre par. Det er generelt ønskjeleg at grågåsa hekkar i sjøfuglreservata, fordi dei beitar gras og held vegetasjonen nede.

Av vadefuglar hekkar tjelden årleg med rundt to-tre par. Raudstilk, strandsnipe og steinvender var alle registrerte hekkande tidleg på 80-talet, men er ikkje registrert hekkande dei siste åra.

Teist har vore registrert enkeltår, då liggande på sjøen. Det er sannsynleg at denne arten har hekka i Ønaholmane naturreservat.

Dei tre holmane er i ferd med å gro igjen med spreidde lauvtre, som reduserer tilgangen på eigna hekkeområde. Sjølv om det er næringstilgangen i havet som for tida vert vurdert som den viktigaste avgrensande faktoren for sjøfuglane sin hekkesuksess, både i Sogn og Fjordane og elles rundt Nordsjøen, er det viktig at sjøfuglreservata er eigna og tilgjengelege for dei fuglane som faktisk går til hekking.

3.4 Bevaringsmål for Ønaholmane naturreservat

Direktoratet for naturforvaltning er i ferd med å utvikle eit system for å overvake tilstanden i verneområda. Ved hjelp av konkrete "bevaringsmål" skal det målast om tilstanden i verneområda er slik vi ønskjer han skal vere. For sjøfuglreservata vil utviklinga i talet på hekkande fugl over tid vere eit mål for tilstanden. Dette kan dokumenterast gjennom systematiske teljingar og overvaking.

Eit naturleg bevaringsmål for Ønaholmane naturreservat vil vere at talet på hekkande artar og par i reservatet skal vere minst på same nivå som ved vernetidspunktet. For å talfeste dette nærare må vi ta utgangspunkt i teljingane frå åra 1982-1984, som vart lagt til grunn for verneforslaget og vernevedtaket. For dette naturreservatet manglar vi teljingar som ligg nærare vernetidspunktet i tid. Fordi tala for mange artar varierer mykje frå år til år, og nokre artar berre er registrert ein eller to gongar, brukar vi eit vekta snitt for å angi kva nivå vi ønskjer at hekkebestandane minst skal vere på (tabell 2). Artar som er observerte hekkande berre ein gong ser vi ikkje grunn til å ta med i bevaringsmålet, med unntak av dei vi meiner bør vere representerte i eit slikt område. Vi har teke med tjeld og nokre andre artar som ikkje er typiske sjøfuglar, men som i hovudsak er knytte til saltvatn (siland og steinvendar). Raudstilk er teke med i bevaringsmålet fordi den hos oss ofte hekkar langs kysten, sjølv om den også hekkar i våtmark heilt opp til vierregionen i fjellet.

Truleg har sjøfuglbestandane for enkelte artar i periodar vore større enn det teljingar i perioden 1982- 1984 viser. Vi kjenner til at siland har hekka i området, men vi har ikkje grunnlag for å spesifisere eit tal her. Det er sannsynleg at også teisten har hekka her. Også andre artar enn dei som hekka her i perioden 1982-1994 er seinare registrerte som hekkefugl, t.d. grågås, og gråmåse. Det er ønskeleg og eit mål at grågåsa skal etablere seg som fast hekkefugl i Ønaholmane naturreservat. Talet på artar og hekkande par som er lagt inn i bevaringsmålet, må sjåast på som eit minstemål for korleis tilstanden i dette sjøfuglreservatet bør vere.

Av dei opplista artane i tabell 2 er makrellterne, tjuvjo og teist oppført på "Norsk Rødliste" over trua artar, makrellterne som "sårbar", og tjuvjo og teist som "nær trua". Dette er såleis artar det er særleg viktig å ta vare på.

For å nå bevaringsmålet for tal hekkande artar og par, er det ein føresetnad at tilgangen på eigna hekkeplassar i naturreservatet er god. Det vil då vere viktig å forhindre at naturreservatet gror att. Det er også avgjerande at fuglane ikkje blir uroa i hekketida.

Bevaringsmål (definerer kva tilstand det er ønskeleg at ein naturkvalitet skal ha):

- Talet på artar og par som hekkar i reservatet skal vere på *minst* same nivå som i perioden rundt vernetidspunktet, dvs. fem par ærfugl, tre par tjeld, eitt par raudstilk, to par svartbak, 50 par fiskemåse, 100 par ternar sp. og eitt par tjuvjo. Det er ønskeleg at grågås etablerer seg fast som hekkefugl i reservatet. Siland og teist skal også hekke her, men vi har ikkje grunnlag for å spesifisere eit tal her.

- Holmane skal vere tilgjengelege og eigna for hekking for dei nemnde artane, dvs. at området skal vere utan tre, og at buskar og kratt skal haldast nede
- Fuglane skal ikkje bli unødige uroa av ferdsel i hekketida.

Art	1982	1983	1984	Bevaringsmål
Grågås				Hekking
Ærfugl		1	5	5
Siland		1 ind.	7 ind.	Hekking
Tjeld	2	1	4	3
Raudstilk	1	1	2	1
Steinvendar	1		1	1
Svartbak	1			2
Fiskemåse	42	165	45	50
Terne sp.	10	120	200	100
Tjuvjo	1			1
Teist		3 ind.	8 ind.	Hekking

Tabell 2: Bevaringsmålet seier noko om minimum ønskjelege tal på artar og par som hekkar i reservatet. Tala i bevaringsmålet er basert på tal hekkande par på Ønaholmane, hovudsakleg i åra før vernevedtaket. Nemninga "terne sp." tyder summen av makrellterne og raudnebbterne, og er nytta når det ikkje er tilstrekkeleg skilt mellom artane under teljinga.



Fiskemåse (til venstre) og terne (her raudnebbterne) er to artar det er eit mål å ha hekkande i Ønaholmane naturreservat. Foto: Tore Larsen

4 Brukarinteresser i Ønaholmane naturreservat

Bruken av verneområdet må skje innanfor rammene som verneforskrifta set. Verneforskrifta er gjengitt i vedlegg I, og inneber mellom anna følgjande: All vegetasjon i vatn og på land er verna mot alle former for øydelegging. Nye planteartar må ikkje innførast. Dyre- og fuglelivet, herunder reirplassar og hiområde, er verna mot skade og øydelegging. Bruk av skytevåpen er forbode. Hundar skal haldast i band. Det må ikkje setjast i verk tiltak som kan endre dei naturlege tilhøva. I hekketida (april, mai, juni og juli) er det ferdselsforbod på land og i ei sone på ca. 50 meter ut frå land.

Vernet er likevel ikkje til hinder for ei rekkje aktivitetar og tiltak, slik det går fram av del V i verneforskrifta. Desse, saman med nokre andre brukarinteresser, er nærare omtalt i dette kapitlet av forvaltningsplanen.

4.1 Beiting og lyngbrenning

Beiting og brenning kan gje betre hekkeforhold for sjøfugl, ved at vegetasjonen vert halden nede. I dag er det ei utfordring i mange av sjøfuglreservata at den tradisjonelle beitebruken har teke slutt, slik at attgroinga har vorte eit trugsmål mot verneføremålet. Det er ønskeleg at den tradisjonelle bruken av sjøfuglreservata, med beiting og brenning, vert oppretthalden.

Beiting

Fylkesmannen har ikkje opplysningar som tilseier at det har vore halde dyr på beite på Ønaholmane. Vi vil likevel her seie litt om kva verneforskrifta opnar for når det gjeld beiting.

I verneforskrifta del V punkt. 3 er det sagt at vernet ikkje er til hinder for "*Tradisjonelt sauebeite, og naudsynt ferdsel i samband med tilsyn av beitedyr, gjødsling av beite og vedlikehald av eksisterande gjerde m.v.*" Det er såleis opna for å ha sau på beite i reservatet og for naudsynt ferdsel og vedlikehaldsarbeid knytt til dette, også i hekketida. Ved slik ferdsel og arbeid i reservatet bør det leggjast vekt på å gjere uroing av hekkande fuglar så kortvarig som mogleg.

Gjennom forskrifta er det ikkje direkte heimel til å ha andre dyr enn sau på beite. Dette fordi andre typar beitedyr vart sett på som lite aktuelt då vernet vart gjennomført. Dersom det likevel skulle vere ønske om å setje ut andre dyr på beite, må dette i tilfelle søkjast om. Fylkesmannen har så langt lite erfaring med geit i sjøfuglreservata, men vi vil vere opne for å gje løyve for eit år av gongen inntil vi får eit grunnlag til å vurdere om geitene kan ha negativ innverknad på hekkinga i området. Beiting utanom hekketida vil det truleg vere kurant å få løyve til, men det vil også då vere behov for utprøving (med omsyn til slitasje/erosjon) før langvarige løyve kan bli gitt.

Dersom det er aktuelt å la sau beite vinterstid, må det søkjast Mattilsynet om dispensasjon for dette. Det er då vanleg at det blir stilt vilkår om skjul for sauene, jf. "Forskrift om velferd for småfe" § 17 og 18. Oppføring av ein slik konstruksjon for å gje skjul/ly til dyr på vinterbeite er søknadspiktig etter verneforskrifta. Eit eventuelt skjul må plasserast mest mogleg skjerma sett frå sjøen og utformast slik at det går mest mogleg i eitt med terrenget/omgjevnadene. Det bør konstruerast slik at det ikkje verkar forlokkande som opphaldsplass for folk og fører til ilandstiging og ferdsel i tida med ilandstigingsforbod.

Brenning

Vi kjenner ikkje til at det har vore vanleg med gras- eller lyngbrenning på nokon av holmane i reservatet tidlegare, men vi vil likevel seie noko her om kva verneforskrifta seier om brenning.

Det er ikkje direkte opning i verneforskrifta for lyng- og grasbrenning, slik det er for tradisjonelt beite. Når brenning (og anna fjerning av vegetasjon) krev særskilt løyve frå forvaltingsstyresmakta, er det ikkje for å hindre skjøtsel, men for å sikre at tiltaka vert gjort på ein måte som fremjar verneføremålet.

Brenning, som i utgangspunktet er eit viktig element i skjøtsel av lyngheilandskapet, kan t.d. verke negativt dersom det vert gjort til feil tid, slik at ein brenn vekk frø og humuslaget. Brenning bør derfor skje i perioden januar til midten av mars. Det må anten vere frost/tele i bakken eller vått.

Nyare erfaringar har synt at oppfølging etter brenning kan vere viktig for å unngå uheldige bieffektar i form av t.d. mykje einstape som veks opp. Det bør såleis i utgangspunktet ikkje gjennomførast lyngbrenning der det veks einstape, utan at ein har metodar for å fjerne dei etterpå. Anbefalt tiltak mot einstape er slått i midten av juli og ny slått seks veker seinare. For å unngå slått i hekketida vil Fylkesmannen vurdere andre tiltak, dersom einstape skulle vise seg å bli eit problem i naturreservatet. Vi kjenner ikkje til at det veks einstape i Ønaholmane naturreservat.

4.2 Friluftsliv og ferdsel

Sjøfuglane treng ro i hekkesesongen for å kunne lykkast med å bringe nye generasjonar av sjøfugl på vengene. Det er derfor lagt inn forbod mot ilandstiging og mot ferdsel og friluftaktivitetar nærare enn 50 meter frå land i hekkesesongen. Verneforskrifta del IV punkt 4 seier at ” *I tida frå og med 1. april til og med 31. juli er det i reservatet forbod mot ilandstiging og ferdsel på alt landareal, inkludert øyar, holmar og skjer, og i ei sone ut til omlag 50 meter frå land. Båtcamping og sportsdykking i 50 m sona, camping, teltslåing og oppsetjing av kamouflasjeinnretningar for fotografering er forbode.*”

Ferdselsforbodet på 50 meter frå land gjeld der verneområdet strekkjer seg 50 meter eller meir ut frå land (inkludert holmar og skjer). Der vernegrensa går nærare land, gjeld ferdselsforbodet berre ut til vernegrensa. For holmane i dette verneområdet vekslar avstanden mellom land og vernegrensa frå å ligge godt over 50 meter til å ligge noko under 50 meter.

Den generelle haldninga blant friluftsutøvarar er at ferdselsforbodet skal respekterast. Dessverre kan uvettig opptreden frå enkeltpersonar og enkeltgrupper føre til stor skade. Sjølv kortvarige forstyringar kan gje alvorlege følgjer. Ved uroing vert egg og ungar liggande uskjerma, og er lett bytte for t.d. ramn og kråke. Egg og ungar kan også døy på grunn av nedkjøling, eller på grunn av høg temperatur i solskin. Det er difor viktig at ferdselsforbodet vert etterlevd i hekketida. Eventuelle problem med brot på ferdselsforbodet bør møtast med auka oppsyn, informasjon og haldningsskapande arbeid.

Utanom tida med ferdsels- og ilandstigingsforbod er ikkje vernet til hinder for naturvennleg friluftsliv. I følgje verneforskrifta del V punkt 5 og 7 er vernet ikkje til hinder for ”*Bær-, sopp- og blomsterplukking utanom tida med ferdselsforbod*” eller ”*Fiske, og fjerning av marine, virvellause dyr for hand, etter gjeldande lover og forskrifter når utøveren ikkje er omfatta av ferdselsforbodet.*”

4.3 Jakt

Det er opna for jakt i ei avgrensa periode for nokre av sjøfuglreservata i Sogn og Fjordane. Ønaholmane er eit av desse. I naturreservatet er såleis jakt på vilt etter reglane i viltlova og felling av sel etter reglane i havressurslova og selfangstlova lovleg i tida 10. september til 31.

mars, jf. verneforskrifta del V punkt 6. Det er naudsynt med løyve frå grunneigar, som har einerett til jakt og fangst på sin eigedom så langt landet ligg tørt.

Forvaltningsstyresmakta kan i tillegg gje løyve til felling av vilt som valdar vesentleg skade, jf verneforskrifta del VI punkt 1. Det er kjent at mink kan gjere stor skade i sjøfuglkoloniar, og at fellefangst i slike tilfelle kan vere eit tiltak som nyttar. Fellefangst av mink, utanom den avgrensa jakttida (10.09-31.03) kan likevel berre skje etter søknad/avtale med Fylkesmannen. Det er ikkje ønskjeleg med fellefangst av mink i hekketida.

4.4 Fiske

I følgje verneforskrifta del V, punkt 4, er vernet ikkje til hinder for:

"Allmenn ferdsel i oppmerka skipslei og naudsynt ferdsel med båt i samband med yrkesfiske for manntalsførte fiskarar med fiskeregistrerte båtar, og grunneigarar/heimelshavarar i samband med utøving av gjeldande fiskerettar i tida med ferdselsforbod".

Punkt 4 er eit unntak frå ferdselsforbodet innanfor vernegrensene i hekketida, og opnar altså for naudsynt ferdsel med båt i samband med yrkesfiske for manntalsførte fiskarar med fiskeregistrerte båtar heile året. Også for grunneigarar/heimelshavarar er naudsynt ferdsel med båt i samband med utøving av gjeldande fiskerettar lovleg heile året.

Ut frå eit ønskje om å ta vare på heilskapen i økosystemet i naturreservatet, er alt "dyre- og fugleliv" verna mot skade og øydelegging (verneforskrifta del IV). Det har likevel ikkje vore meininga å hindre fiske etter gjeldande reglar og forskrifter, og derfor er det spesifisert i del V punkt 7 at reglane ikkje er til hinder for:

"Fiske, og fjerning av marine, virvellause dyr for hand, etter gjeldande lover og forskrifter når utøvaren ikkje er omfatta av ferdselsforbodet".

Dette er eit unntak frå regelen om at alt dyreliv er freda, og tyder at yrkesfiskarar og grunneigarar / heimelshavarar har rett til å fiske (og fjerne marine, virvellause dyr for hand) heile året. Fritidsfiskarar har rett til å fiske etter havressurslova (tidlegare saltvassfiskelova) sine reglar heile året, med unntak for 50-metersona i tida med ferdselsforbod (01.04-31.07).

Formuleringa "fjerning av marine, virvellause dyr for hand" fortener ein kommentar. Virvellause dyr er eit samleomgrep for alle dyr som manglar virvelsøyle (ryggsøyle). "Marine virvellause dyr" vart teke inn m.a. for å sikre at vernet ikkje skulle bli ei hindring for å ta ut skadegjerande virvellause rovdyr (t.d. kråkebollar og sjøstjerner) dersom desse skulle vise seg å bli eit problem for til dømes nærliggande havbeiteområde for kamskjel eller andre havbruksanlegg. Føremålet var ikkje å opne for industrielt uttak av enkeltartar. Verneforskrifta byggjer på ein føresetnad om at uttak av marine virvellause dyr neppe vil få eit slikt omfang at det kjem i konflikt med føremålsparagrafen (III), der det står at føremålet med vernet er å ta vare på ein viktig hekkelokalitet for sjøfugl "med naturleg tilhøyrande vegetasjon og dyreliv". Ein slik konflikt kan tenkjast dersom det blir hausta så mykje sniglar, skjell, kråkebollar eller liknande at det t.d. fører til ei påviseleg endring i faunasamansetjinga eller plantelivet. Her spelar det også inn at virvellause, marine dyr det meste av året er føde for fleire fugleartar. Sniglar og skjell på ulike stadium er også viktige næringsemne for andre marine virvellause dyr og fisk, som igjen er føde for organismar høgare i næringskjeda - som t.d. sjøfugl. Innsamling av virvellause dyr (t.d. strandsniglar og kråkebollar) i industriell skala er såleis ikkje ønskjeleg, og maskinell hausting er ikkje tillate etter verneforskrifta.

Med "når utøvaren ikkje er omfatta av ferdselsforbodet" er det meint ferdsel for yrkesfiskarar og grunneigarar / heimelshavarar i samband med fiske, slik det er skrive i punkt 4. I tillegg viser formuleringa til forbodet mot fritidsfiske i 50-metersona i tida med ferdselsforbod (01.04-31.07).

4.5 Taretråling

Ønaholmane ligg ikkje i lovleg taretrålingsområde slik det er definert av Fiskeridirektoratet. I verneforskrifta for Ønaholmane naturreservat er det ikkje opna for taretråling, og det er heller ikkje heimel for å gi dispensasjon for taretråling i naturreservatet.

4.6 Akvakulturanlegg

Vernereglane opnar ikkje for å etablere akvakulturanlegg innafor verneområdet. I følgje del IV punkt 3 i verneforskrifta må det *"ikkje setjast i verk tiltak som kan endre dei naturlege tilhøva"*. Her er *"havbruksanlegg"* nemnt som eit tiltak som ikkje kan etablerast i verneområdet. Forbodet gjeld alle delar av anlegget, over og under vatn, også fortøyingar.

Fiskeridirektoratet gav i brev 20.01.2004 Firda Sjøfarmer AS permanent løyve til produksjon av matfisk (laks og aure) med ein oppdrettsbiomasse på inntil 1560 tonn ved Storlia. Anlegget ligg like sørvest for Ønaholmane naturreservat, men det er i løyvet sett vilkår om at heile anlegget, inkludert fortøyingar, skal halde seg utanfor grensene til naturreservatet.

Sjølv om anlegget ligg utanfor reservatgrensene og det er forbod mot ferdsel i ei sone på 50 meter rundt holmane i hekketida, bør det visast aktsemd overfor naturverdiane i sjøfuglreservatet.

4.7 Redningsteneste m.m.

Verneforskrifta del V punkt 1 seier at vernet ikkje er til hinder for *"Gjennomføring av militær, operativ verksemd og tiltak i samband med ambulanse-, rednings-, politi-, brannvern-, oppsyn-, skjøtsel- og forvaltningsverksemd"*. Det er altså ikkje søknadspliktig å gjennomføre slik verksemd, som dels også omfattar akuttsituasjonar som det ville vere praktisk umogleg å varsle. Forvaltningsstyresmakta ønskjer likevel at slik aktivitet, særleg dersom det skjer i hekketida, blir registrert og rapportert i ettertid. Øving, for å førebu redningsaksjonar m.m., er ikkje omfatta av unntaket og må skje andre stader enn i naturreservata.

4.8 Drift og vedlikehald av anlegg

Verneforskrifta del V punkt 2 seier at vernet ikkje er til hinder for *"Drift og vedlikehald av Kystverket og Televerket sine anlegg, eksisterande kraftliner og sjøkablar og ferdsel i samband med dette."* Fylkesmannen har ikkje kjennskap til slike anlegg i dette verneområdet.

4.9 Lågtflyging

Det er forbod mot lågtflyging under 300 meter, jf. verneforskrifta del IV punkt 5. I den grad det er aktuelt ønskjer ikkje Fylkesmannen å gje løyve til lågtflyging under 300 meter i hekketida (01.04-31.07). Bakgrunnen for lågtflygingsforbodet er at flyging lågt over bakken uroar fuglevivet og kan i hekketida føre til store negative følgjer for ungeproduksjonen.

5 Skjøtsel

Med skjøtsel meiner vi her beiting i regi av grunneigarar eller andre, og tiltak som forvaltningsstyresmakta gir løyve til eller set i gang for å ta vare på naturkvalitetar i samsvar med verneformålet. Dette kan t.d. vere rydding av kratt, trefelling og lyngbrenning.

Verneforskrifta del V punkt 1 seier at vernet ikkje er til hinder for: *”Gjennomføring av militær, operativ verksemd og tiltak i samband med ambulanse-, rednings-, politi-, brannvern-, oppsyn-, skjøtsel- og forvaltningsverksemd”*. Skjøtselsverksemd slik det er sagt her, gjeld for tiltak i regi av forvaltningstyresmakta, slik det går fram av del VII: *”Forvaltningsstyresmakta, eller den som forvaltningsstyresmakta gjev fullmakt, kan gjennomføre skjøtselstiltak i samsvar med føremålet med vernet. Det kan utarbeidast forvaltningsplan, som skal innehalde nærare retningsliner for gjennomføring av skjøtselstiltaka.”*

Det er såleis ikkje nødvendig med særskilt dispensasjon for skjøtselstiltak som forvaltningsstyresmakta på eige initiativ ønskjer å setje i gang. Dersom det gjeld skjøtsel som trengst for å fremje verneføremålet (med unntak av å setje dyr på beite) er forvaltningsstyresmakta heller ikkje formelt avhengig av løyve frå grunneigar. I praksis ønskjer Fylkesmannen likevel alltid å drøfte skjøtselstiltak med grunneigar i førekant, for å finne fram til mest føremålstenlege måtar å gjere arbeidet på, og unngå unødige ulemper for grunneigar eller andre brukarar. For skjøtselsarbeid som er i samsvar med vedteken forvaltningsplan vil Fylkesmannen varsle grunneigarar før arbeidet blir utført. Vernereglar gir ikkje heimel til å påleggje grunneigarar eller andre å utføre skjøtsel.

Grunneigarar eller andre kan også på eige initiativ søkje om å få gjennomføre skjøtselstiltak i form av *”rydding av vegetasjon m.v. når det ikkje strir mot føremålet med vernet og er i samsvar med godkjent forvaltningsplan”* (del VI, punkt 2). Fylkesmannen vil i utgangspunktet vere positiv til slike førespurnader, så sant dei ikkje er til skade for sjøfuglane eller på andre måtar er i strid med verneføremålet.

5.1 Generelt om skjøtselsbehov i sjøfuglreservata

I dei siste åra har det vore registrert lite hekkande fugl i fleire av sjøfuglreservata. Sjølv om næringsmangel i havet er ei viktig årsak, skuldast tilbakegang lokalt også at hekkeplassane blir ueigna på grunn av oppslag av tre, kratt og buskar, og at lyngen på mange av øyane på kysten begynner å bli grov. Tilveksten av tre kjem både frå naturleg frøsetjing og frå tidlegare planting av ulike bartre. Det aukande oppslaget av tre i reservata kan skuldast fleire faktorar, som generelt aukande temperatur med aukande tilvekst av tre, at innplanta bartre har begynt å frø seg, eller at beitepresset på øyane har blitt svakare eller opphøyr heilt. I lange tider har sjøfuglane levd i eit nært samspel med kystbefolkninga. Mange øyar og holmar som tidlegare vart nytta som utmarksbeite ligg i dag ubrukte. Dette har ført til store endringar i vegetasjonen.

Gjengroinga gjer at store delar av enkelte reservat ikkje kan nyttast av sjøfuglane. Vegetasjonen på bakken og trea hindrar utsynet for rugande sjøfuglar, og gjer at dei ikkje føler seg trygge. Trea fungerer dessutan som tilhaldsstader og beskytta sitjeplassar for egg- og ungerøvarar som kråke og ramn, som i ope terreng ville blitt jaga vekk av dei hekkande fuglane.

For å ta vare på det tradisjonelle kystlandskapet som sjøfuglreservata representerer, og sikre eigna hekkeområde for sjøfugl, er det viktig å fokusere på skjøtsel. Dei mest aktuelle skjøtselstiltaka er:

- Rydding av skog og kratt
- Lyng- og grasbrenning
- Beiting av husdyr, særleg av sau

Endringane i vegetasjonen er først og fremst eit problem for reservata i dei midtre og indre kyst- og fjordstrøka. For dei reservata som ligg ut mot opne havet, er endringane i vegetasjonen minimale (på grunn av vêrtilhøva eller manglande jordsmonn). I tillegg er det også ein del sjøfuglreservat som enno blir nytta som utmarksbeite for husdyr. I ein stor del av sjøfuglreservata som vart oppretta i 1993 er det såleis ikkje behov for ekstraordinære skjøtselstiltak for å gjere områda meir eigna for hekking.

5.2 Om behovet for skjøtselstiltak i Ønaholmane naturreservat


Talet på hekkande terner og måsar i Ønaholmane naturreservat har gått sterkt tilbake. I tillegg til næringsmangel i sjøen kan dette også til dels skuldast attgroing med tre, som har redusert tilgjengeleg hekkeareal for sjøfugl eller gjort området mindre eigna for hekking. Grantrea på den midtre holmen vart saga ned i 2008, for å skape gunstigare hekkeforhold for sjøfugl, men dei spreidde lauvtree står att. Hogstavfallet etter dei felte granene skal ryddast/brennast. Det står også att nokre graner på den austre holmen. På den vestre holmen står det også nokre små graner. Grunneigar har ønskje om at dei planta granene på den vestre holmen skal få stå. Desse granene er no små, men dei vil kunne bli eit problem når dei blir større og også begynner å frø seg. Ut frå omsyn til hekkande sjøfugl er det ønskjeleg å fjerne alle tree på holmane. Det er vidare eit mål å halde skog og kratt nede på begge holmane i framtida. Lyng som er for grov bør sviast.



Flyfoto av Ønaholmane, henta frå www.norgebilder.no



*Delar av vestre Ønaholmen sett frå aust i juni 2009. Holmen er dekt av lyng og spreidde lauvtre.
Foto: Tore Larsen*



Den midtre holmen sett frå nord i juni 2009. Grantrea på holmen vart felt i 2008. Hogstavfallet som ligg att skal brennast. Dei spreidde lauvtree bør også fjernast. Foto: Tore Larsen



Den austre og minste av dei tre Ønaholmane, i juni 2009. Holmen har spreidde gran- og lauvtre, og treng skjøtselstiltak. Foto: Tore Larsen

5.3 Framtidige skjøtselstiltak i Ønaholmane naturreservat

Rydding av tre og kratt:

Alle dei tre holmane treng skjøtselstiltak. Alle tre på begge holmane bør fjernast. Tre, buskar og kratt som deretter veks opp, bør fjernast før det blir så høgt og av eit slikt omfang at det reduserer kvaliteten av området som hekkeplass for sjøfugl. Vegetasjonen bør haldast så låg at han ikkje tek den frie utsikta for fuglar som ligg på reir, gir færre reirplassar eller kan fungere som sitjeplassar/skjul for eggrøvarar som kråke og ramn. Det kan likevel stå att noko kratt av krypeiner nærast sjøen der dette finst, sidan slikt einekratt gir hekkeplassar for ærfugl.

Fylkesmannen vil vurdere utviklinga i bestanden av hekkande sjøfugl før vi tek nærare stilling til behovet for å fjerne granene på den vestre holmen, sidan grunneigar har eit ønskje om at desse skal få stå. Men for sjøfuglane og verneføremålet vil det heilt klart vere gunstig å felle all skog.

Trea som blir felt, vil bli kvista på staden. Trestammene er grunneigar sin eigedom. Dersom grunneigar ønskjer å hente tømmer/ved, vil stokkane bli lagde i ein haug ein stad på holmen, klar til henting. Henting av tømmer må gjerast utanom tida med ferdselsforbod. Av praktiske omsyn vil grovare stammer, som ikkje blir tatt hand om på andre måtar, bli kappa opp og liggande att for å rotne vekk på ein stad der dei er ute av syne og ikkje i vegen for eventuelle beitedyr.

Arbeidet må bli gjort manuelt utanom tida med ferdselsforbod. Grunneigarar vil bli orienterte om skjøtelsesarbeid i forkant, og vil såleis få høve til å kome med innspel til korleis arbeidet skal gjerast.

For å unngå oppslag av rotskot der lauvtre/kratt er fjerna, kan det i enkelte naturreservat vere aktuelt med bruk av stubbebehandlingsmiddel. Sjølv om det er svært små mengder som eventuelt vert brukt, er plantevernmiddel i naturreservat kontroversielt, og eit viktig prinsipielt spørsmål. Bruk av kjemiske middel er forbode i verneforskrifta del IV punkt 3, og vil normalt ikkje verte tillate i naturreservat. På den andre sida er Ønaholmane, som andre sjøfuglreservat, oppretta først og fremst med tanke på sjøfuglane og ikkje ut frå særlege kvalitetar ved vegetasjonen eller det ein kan kalle eit "urørt økosystem". Oppskot av tre og buskar grip så direkte negativt inn i verneføremålet at Fylkesmannen meiner det kan vere rett å bruke plantevernmiddel i sjøfuglreservat der ein ikkje klarer å halde skog og kratt nede på anna måte. Bruk av beitedyr er likevel klart å føretrekkje. Stubbebehandling er såleis mest aktuelt på øyar/holmar der ein ikkje får til ordning med beitedyr.

Eventuell stubbebehandling må skje ved smørjing eller dryping på stubbane, og ikkje ved sprøyting som kan treffe vegetasjonen rundt. Behandlinga må skje på frisk snittflate, anten same dag som ryddinga, eller ved at ein kappar nye snittflater før behandling. Beste tida for behandling er om hausten, medan sevja er på veg mot rota.

Stubbebehandling representerer så varsam bruk av plantevernmiddel at det ikkje kjem inn under forskrifta av 4.8.1987 om "spredning av plantevernmidler i skog". Nokre av prinsippa i den forskrifta (t.d. meldeplikt) kan likevel vere nyttige som rettesnor for eventuell bruk av plantevernmiddel i naturreservat. Fylkesmannen vil ta kontakt med grunneigar for å avklare bruk av stubbebehandling, dersom det skulle bli aktuelt å prøve ut dette.

Brenning:

Skjøtselsarbeid som omfattar brenning bør som ein hovudregel skje vinter/tidleg vår, med frost eller nok fukt i bakken, slik at ein ikkje brenn vekk frø og humuslag. Greiner og kvistar etter trefrydding vil kunne vere til hinder både for sjøfuglane og eventuelle beitedyr, og bør fjernast. Dette kan skje ved at det blir brent i samband med eventuell lyngbrenning, eller ved at det blir samla i mindre haugar og sett fyr på. Dersom vêrtilhøva ikkje tillet brenning vinter eller vår, kan behovet for brenning av kvist på andre tider av året vurderast. Generelt må open brenning avklarast med kommunen, sidan kommunane kan fastsetje lokale forskrifter (etter forureiningslova § 9), der dei har høve til å snevre inn eller utvide kva som skal vere tillate avfallsbrenning. Hyllestad kommune har vedteke ei slik forskrift, men forskrifta gir opning for denne type aktivitet. Forureiningslova § 8 seier at "vanlig forureining" frå fiske, jordbruk og skogbruk m.m. er tillate dersom det ikkje er gitt særlege forskrifter etter § 9. Brannvesenet og kommunen må varslast før brenning, og det kan også vere gunstig å melde frå om tiltaket i lokale media på førehand.

Beiting:

For å halde nede vegetasjonen kan det vere ønskjeleg med dyr på beite. Fylkesmannen vil likevel ikkje ta initiativ for å få til beiting i reservatet, dette må i første omgang vere opp til grunneigarane sjølv eller andre med interesse i området. Ved beiting, særleg i område der det ikkje har vore tradisjonelt beite, bør beitetrykket og effekten på vegetasjonen vurderast fortløpande. Ein bør vere på vakt overfor gjengroing på den eine sida og omfattande trakkskade og erosjon på den andre sida. Det er påvist at sau kan gjere skade på fuglereir gjennom trakk, og vi rår difor til å vere særleg bevisst på at talet på beitedyr ikkje er for høgt i rugetida. Forsøk med andre beitedyr enn sau må overvakast og vurderast nøye med tanke på konsekvensar for verneverdiane. Sjå meir om beiting under kapitlet om brukarinteresser.

Forsøpling

Søppel som driv i land tek vi sikte på å fjerne ved behov.

5.4 Praktisk gjennomføring av skjøtselstiltak (vegetasjonsrydding)

Kor ofte

Det er vanskeleg å seie eksakt kor ofte skjøtsel i form av tre- og krattrydding eller lyngbrenning bør utførast. Vi føreslår fysiske mål for når slik skjøtsel bør skje med tanke på å oppretthalde gode hekkeforhold:

- Rydding bør skje før lauvkratt og anna kratt når ei høgde på 1 meter.
- Eventuell lyngbrenning er aktuelt når lyngen når ei høgde på 40 cm.

Brenning, og rydding av kratt, kan gjennomførast oftare, m.a. på bakgrunn av behov for å betre beiteforholda. Grunneigarar kan søkje om løyve til rydding av vegetasjon (brenning, fjerning av kratt m.m.).

Når på året

- Rydding av tre og kratt kan skje heile året med unntak av i hekketida (1.04. - 31.07)
- Brenning bør som ein hovudregel skje i tida frå januar til midten av mars, når jordsmonnet er frose eller fuktig
- Eventuell stubbebehandling bør skje i perioden frå august til oktober.

Statens naturoppsyn (SNO) gjennomfører skjøtsel (rydding og brenning) på oppdrag frå Fylkesmannen. SNO eller Fylkesmannen hentar inn ekstra arbeidskraft etter behov. Grunneigarar kan også gjennomføre skjøtselstiltak som er i samsvar med forvaltningsplan,

etter løyve/fullmakt frå forvaltningsstyresmakta. Dersom det skal gjennomførast stubbebehandling vil Fylkesmannen utføre arbeidet.

Kostnader

Skjøtsel utført av SNO blir dekt av årlege tildelingar til Fylkesmannen og SNO frå Direktoratet for naturforvaltning. Grunneigarar kan heilt eller delvis få dekt kostnader (til arbeid og materiell) til skjøtelsesarbeid etter avtale med Fylkesmannen.

Dokumentasjon

Statens naturoppsyn registrerer (loggfører) alle skjøtselstiltak dei gjennomfører i naturreservatet. Også grunneigarar må dokumentere (med foto, helst både før og etter) skjøtelsesarbeid når utgiftene blir dekte av forvaltningsstyresmaktene.

Rapportering

Ein enkel rapport skal sendast til Fylkesmannen ved alle tiltak i naturreservatet, slik at forvaltningsstyresmakta får oversikt over når ting har vorte gjort.

6 Tilstandsovervaking og forvaltning

6.1 Overvaking av tilstand og oppfølging av bevaringsmål

For å kunne vurdere om tilstanden i naturreservatet er i samsvar med bevaringsmåla for det enkelte naturreservat, må vi følgje med på endringane i hekkebestanden over tid (sjå kap 3.4 om bevaringsmål). Det er også viktig å følgje med på kva effektar utførde skjøtseltiltak har på bestandane av hekkande sjøfugl og andre tilhøve i verneområdet, og å vurdere behovet for framtidige skjøtseltiltak. Systematisk innsamling av data over tid for sjøfuglreservata i fylket gjer oss i stand til å følgje utviklinga i bestandar både i ein skilde naturreservat og for større geografiske område samla, slik at tilstanden i sjøfuglreservata kan sjåast i ein større samanheng. Sjøfuglane sin suksess eller manglande suksess med ungeproduksjon er dessutan ein god indikator for den generelle tilstanden i havområda.

Tilstandsovervaking av hekking og hekkeplassar

Det ville vere ønskjeleg å gjennomføre teljingar årleg, men i praksis er det vanskeleg å kome over alle sjøfuglreservata i fylket på ein og same teljerunde. For kvart ein skild reservat kan det derfor vere eit meir realistisk mål å telje anna kvart år. Sjøfuglteljingane skjer i regi av forvaltningsstyresmakta (Fylkesmannen). Fylkesmannen med eige personale, og/eller innleigde personar, gjennomfører teljingane. Statens naturoppsyn sitt lokalkontor i Florø stiller med båt og deltek på teljinga når det er høve til det.

Metodikken for teljingane tek utgangspunkt i Norsk institutt for naturforskning sin takseringsmanual frå 1989 og eventuelle oppdateringar.

Resultat for sjøfuglteljingane blir samla i ein årleg fellesrapport for heile fylket, som blir lagd ut på Fylkesmannen sine heimesider (www.fylkesmannen.no/sfi) og på Miljøstatus i Sogn og Fjordane (www.sognogfjordane.miljostatus.no).

Sjøfuglreservata er i liten grad kartlagde når det gjeld vegetasjon og artssamfunn utanom sjøfugl. Fylkesmannen ser det heller ikkje som realistisk å prioritere slik kartlegging dei næraste åra, då det neppe er dette som er mest kritisk i høve til verneføremålet. Likevel kan det vere av verdi å få meir kunnskap om anna dyreliv og vegetasjon på dei ulike holmane, for betre å kunne vurdere val av skjøtseltiltak og verknadene av det som vert gjort. Aktuelle problemstillingar er førekomstar av planteartar som krev spesielle omsyn, hiområde for oter og om det finst einstape som kan bli eit problem etter lyngbrenning.

Tilstandsovervaking av næringsssituasjon

Den generelle næringsssituasjonen i havet, i form av storleik på viktige fiskebestandar, er i stor grad felles for alle sjøfuglreservata, og må bli handsama på overordna nivå. I tillegg kan hekkebestandar og hekkesuksess til ein viss grad vere knytt til meir lokale næringsressursar, til dømes i tareskog. I dag ser vi ikkje grunn til å prioritere undersøking av dette i tilknytning til Ønaholmane naturreservat. Dersom bruken av tilstøytande sjøareal tek ei utvikling som tilseier fare for auka press mot viktige ressursar for sjøfuglane, vil Fylkesmannen likevel vurdere behovet for overvaking av t.d. sjøbotn og undervassmiljø i og nær Ønaholmane naturreservat.

6.2 Praktisering av dispensasjonsheimlane i verneforskrifta

I verneforskrifta del IV er det lista opp kva tiltak og aktivitet som i utgangspunktet er forbode innafor vernegrensene. Det er unntak i verneforskrifta for ein del tiltak og aktivitetar som kan gjennomførast utan å søkje om løyve. Desse unntaka går fram av verneforskrifta del V, og nokre av dei er nærare omtalt i kap 4 om brukarinteresser. Andre tiltak og aktivitetar må det søkjast om løyve for. Aktuelle heimlar i verneforskrifta for å gjennomføre tiltak og aktivitetar i Ønaholmane naturreservat er utdjupa nedanfor. Nokre av tiltaka og aktivitetane som krev søknad, er nærare omtalte i kapitlet om brukarinteresser.

Spesifisert dispensasjonsheimel

I verneforskrifta del VI er det nemnt to typar tiltak som forvaltningsstyresmakta *kan* vurdere å gje løyve til:

”Forvaltningsstyresmakta kan gje løyve til:

- 1. Felling av vilt som valdar vesentleg skade.*
- 2. Rydding av vegetasjon m.v. når det ikkje kjem i strid med føremålet med vernet, og er i samsvar med godkjent forvaltningsplan.”*

1. Det er kjent at mink kan valde vesentleg skade i sjøfuglreservat. Minken er ein innført, amerikansk art, og det vil derfor vere kurant å få løyve til fellefangst av mink i naturreservatet utanom ferdselsforbodstida som er frå 01. april til 31. juli. Gjennom verneforskrifta er det alt opna for jakt i perioden 10. september til 31. mars. Det er ikkje ønskjeleg med jakt i hekketida, heller ikkje fellefangst, med mindre det er dokumentert vesentleg skade for hekkande sjøfugl og vi reknar med at uttak av mink kan redusere dei negative konsekvensane på kort sikt. Ramn og kråke som hekkar i sjøfuglreservat kan også gjere stor skade. Dersom det skulle bli aktuelt med andre former for jakt på skadegjerande vilt enn fellefangst på mink, vil Fylkesmannen gje denne oppgåva til SNO.

I tillegg til skade som rammar verneverdiane, kan Fylkesmannen i prinsippet også gje løyve til felling av vilt i reservatet som gjer vesentleg skade på andre verdiar. Det vil då vere ein føresetnad at fellinga er av stor verdi for samfunnet utan at verneverdiane blir nemneverdig skadelidande. Felling av sjøfuglar som reservatet er oppretta for å ta vare på er likevel ikkje aktuelt.

2. Grunneigar, eller andre på vegne av eller med samtykkje frå grunneigar, kan søkje om løyve til å rydde vegetasjon. Dette kan vere ønskje om å t.d. brenne lyng/gras og fjerne kratt for å gje betre tilhøve for dyr på beite eller å halde vegetasjonen nede av andre grunnar. Kapittel 5.3 og 5.4 omtalar aktuelle skjøtselstiltak nærare.

Generell dispensasjonsheimel

Naturvernlova av 1970 vart avløyst av ”Lov om forvaltning av naturens mangfold” (naturmangfaldlova) frå 1.7.2009. I følgje overgangsregelen i § 77 i naturmangfaldlova gjeld framleis eldre verneforskrifter. Likevel gjeld naturmangfaldlova § 48 i staden for den generelle dispensasjonsheimelen i gamle verneforskrifter. Dette betyr at søknader om dispensasjon ikkje skal handsamast etter den generelle dispensasjonsheimelen i denne verneforskrifta (del VIII), men etter reglane i § 48 i naturmangfaldlova. Den spesifiserte dispensasjonsheimelen i verneforskrifta (del VI) gjeld derimot framleis.

Naturmangfaldlova § 48 (dispensasjon frå vernevedtak):

"Forvaltningsmyndigheten kan gjøre unntak fra et vernevedtak dersom det ikke strider mot vernevedtakets formål og ikke kan påvirke verneverdiene nevneverdig, eller dersom sikkerhetshensyn eller hensynet til vesentlige samfunnsinteresser gjør det nødvendig.

I avveiningen mellom øvrige vesentlige samfunnsinteresser og hensynet til verneområdet skal det særlig legges vekt på verneområdets betydning for det samlede nettverket av verneområder og om et tilsvarende verneområde kan etableres eller utvikles et annet sted. Tiltakshaveren kan pålegges å bære rimelige kostnader ved ivaretagelsen, opprettelsen eller utviklingen av et slikt tilsvarende område.

Trenger et tiltak tillatelse både etter verneforskriften og etter annet lovverk, kan tiltakshaver velge å søke om tillatelse parallelt. Vedtak skal i slike tilfeller først fattes etter verneforskriften, dersom ikke annet følger av verneforskriften eller forvaltningsmyndighetens samtykke.

Søknad om dispensasjon etter første ledd skal inneholde nødvendig dokumentasjon om tiltakets virkning på verneverdiene. I dispensasjon etter første ledd skal begrunnelsen for vedtaket vise hvordan forvaltningsmyndigheten har vurdert virkningene som dispensasjonen kan få for verneverdiene, og hvilken vekt det er lagt på dette."

Av teksten ovanfor går det fram at naturmangfaldlova § 48 opnar for at det kan gjevast dispensasjon dersom det ikkje kjem i strid med føremålet med vernet og ikkje kan påverke verneverdiane nemneverdig, eller dersom sikkerheitsomsyn eller omsynet til vesentlege samfunnsinteresser gjer det nødvendig.

Vilkåret om at tiltaket *"ikke kan påvirke verneverdiene nevneverdig"* inneber at dispensasjonstilgangen er snever. Dette gjeld i første rekkje bagatellmessige inngrep eller forbigåande uroingar som har stor verdi for søkjar, men som ikkje fører til nemneverdig ulempe for verneverdiane. Dersom det er usikkert kva verknader eit tiltak kan ha for naturmiljøet, bør føre-var-prinsippet leggest stor vekt på.

Eit anna vilkår er at tiltaket *"ikke strider mot vernevedtakets formål"*. Her må det vurderast om tiltaket er i strid med dei overordna målsettingane for naturreservatet. Denne dispensasjonsheimelen er ein sikkerheitsventil som skal fange opp uføresette tilfelle eller spesielle tilfelle som ikkje vart vurderte på vernetidspunktet. Det må her leggest vekt på at verneføremålet ikkje skal verte svekka på sikt ved ei bit-for-bit-forvaltning, ved at mange mindre inngrep/hendingar kan få store konsekvensar for verneføremålet i sum.

Dispensasjon for "vitskaplege granskingar" (jf. verneforskrifta del VIII) er ikkje vidareført i naturmangfaldlova. Slike saker skal vurderast etter dispensasjonsheimelen for tiltak som *"ikke strider mot vernevedtakets formål og ikke kan påvirke verneverdiene nevneverdig"* i § 48. Dette gjeld då i første rekkje dispensasjonar som er nødvendige for forskning. Eksempel på nødvendig forskning kan vere sjøfuglteljingar. Det kan vere aktuelt å gje løyve til illandstiging i tida med ferdselsforbod for å taksere/telje reir, ringmerke fugleungar etc., for å framskaffe data som er viktig for forvaltninga av verneområdet. Nyttan av granskingane eller forskingsprosjektet skal i kvart tilfelle vurderast opp mot dei ulemper forskinga medfører. Forskingsaktivitet som ikkje treng å lokalisast til eit verneområde, bør skje utanfor verneområdet.

Dispensasjon av omsyn til *"vesentlige samfunnsinteresser"* i naturmangfaldlova § 48 er ei vidareføring av tilsvarande dispensasjonsheimel i verneforskrifta. Dette gjeld tiltak der heilt

særskilde forhold føreligg, jf omgrepet "vesentleg", og er primært berre aktuelt for tiltak av nasjonal interesse. Døme kan vere ledd i nasjonalt viktig infrastruktur. I praksis er denne heimelen lite brukt, då ei forskriftsendring (med formell høyring) gjerne er eit betre alternativ. Generelt er slike tiltak lite aktuelle i sjøfuglreservata i Sogn og Fjordane.

Dispensasjon når "*sikkerhetshensyn gjør det nødvendig*" er ein ny heimel i naturmangfaldlova. Det vert her sikta til m.a. sikkerheit for liv og helse, smittsame sjukdommar frå dyr og sikkerheit mot omfattande og direkte skade på eigedom. Generelt er slike sikringstiltak lite aktuelle i sjøfuglreservata i Sogn og Fjordane.

6.1 Sakshandsaming ved dispensasjonssøknader

Søknader om dispensasjon frå verneforskrifta skal vere skriftleg og sendast (som brev eller e-post) til forvaltningsstyresmakta (Fylkesmannen i Sogn og Fjordane), som avgjer om det skal gjevast løyve. Det kan berre gjevast dispensasjon dersom det finst heimel for det i verneforskrifta eller i § 48 i naturmangfaldlova.

Naturmangfaldlova § 48 inneheld særskilde krav til søknader og grunngjeving av dispensasjonar gitt etter dei generelle dispensasjonsreglane. Det går fram at søknader skal innehalde nødvendig dokumentasjon om verknaden tiltaket vil få for verneverdiane. Dispensasjonsvedtak skal innehalde ei grunngjeving som viser korleis forvaltningsstyresmakta har vurdert verknadane som dispensasjon kan få for verneverdiane, og kva vekt det er lagt på dette.

Ved vurderingar som har bakgrunn i verneforskrifta skal bakgrunnen for opprettinga av verneområdet tilleggast stor vekt. Dersom det er knytt usikkerheit til kva verknader eit tiltak kan få for naturmiljøet/verneverdiane, vil føre-var-prinsippet bli tillagt stor vekt, særleg dersom det er snakk om moglege irreversible verknader. I naturmangfaldlova §§ 8-12 er det, i tillegg til føre-var-prinsippet, fastsett fleire prinsipp som skal brukast ved handsaming av enkeltsaker.

Når det vert gitt løyve til tiltak eller aktivitetar i naturreservat blir det vanlegvis knytt vilkår til løyvet, for m.a. å motverke moglege skadeverknader. Skriftleg løyve skal takast med ved opphald/ferdsel i verneområdet, og kunne visast fram på førespurnad. Ein enkel rapport om tiltaket skal sendast til Fylkesmannen i ettertid, slik at forvaltningsstyresmakta får oversikt over tiltak som er gjennomførde i verneområdet.

Dersom dispensasjon vert gitt, vil dispensasjonen berre gjelde i forhold til verneforskrifta. Den som får løyvet må sjølv sørge for å avklare tiltaket med eventuelle andre styresmaketer og grunneigarar.

Fylkesmannen si avgjerd på søknad om dispensasjon kan klagast inn for Direktoratet for naturforvaltning (DN) av partar i saka eller andre som har rettsleg klageinteresse, med ein frist på tre veker. Klagen skal sendast til Fylkesmannen, som også kan gje nærare opplysningar om klagerett og rett til å sjå saksdokument. Dersom Fylkesmannen ikkje tek klagen til følgje vert saka send vidare til DN for endeleg avgjerd.

6.2 Skilting og informasjon

For å unngå ulovleg ferdsel og ilandstiging i naturreservata er det sett opp skilt på stader der det er naturleg å legge til med eller dra opp båt. Det er viktig at desse skilta er på plass, og at dei raskt blir erstatta med nye dersom dei blir borte.

Med ein stadig veksande privat småbåtflåte på kysten og i fjordane, er det viktig å informere sjøfarande om vernet og om ferdselsforbodet i hekketida. Vi ser det også som eit mål å informere om fuglelivet og naturkvalitetane i sjøfuglreservata. Fylkesmannen utarbeider informasjonsplakatar om naturreservata i fylket, med m.a. kart, foto og vernereglar, til å hengje opp der båtfolk ferdist (t.d. næraste større småbåthamn).



Standart verneskilt i sjøfuglreservata.
Foto: Heidi Sandvik

Det er tidlegare utarbeidd ein informasjonsfoldar om sjøfuglreservata i Sogn og Fjordane, med kart og informasjon om vernereglar m.m. Denne foldaren kan ein få tilsendt ved å kontakte Statens naturoppsyn i Florø. På nettstaden "Miljøstatus i Sogn og Fjordane" (www.sognogfjordane.miljostatus.no), under "naturområde", finn du også informasjon om alle sjøfuglreservata og andre verneområde i fylket.

6.3 Ilandstiging i hekketida - rapportering

Når det blir gitt dispensasjon som omfattar ilandstiging i eit sjøfuglreservat blir det normalt stilt krav om rapport i ettertid, for at Fylkesmannen skal få ei best mogleg oversikt over aktiviteten i området. Dette er særleg viktig ved løyve i hekketida, sidan uroing i hekketida kan føre til dårleg hekkesultat. Informasjon om ilandstiging/ferdsel er såleis viktig for å kunne vurdere og forstå årsakssamanhengar og svingingar i hekkesuksessen for enkeltområde.

For tiltak/aktivitet som er heimla i verneforskrifta del V (dvs. som det ikkje er krav om søknad for), t.d. tilsyn med sau på beite, er det ikkje rapporteringskrav. For å få til ei best mogleg forvaltning av verneverdiane, er det likevel ønskeleg for Fylkesmannen å få informasjon dersom ilandstiging skjer i hekketida. Det er nok med ein enkel rapport om føremålet med ilandstiging, dato, klokkeslett, lengda på opphaldet og gjerne vêrforhold. Det er også ønskeleg med melding om andre spesielle tilhøve som eventuelt vert lagt merke til, t.d. verneskilt som er borte, mink som gjer skade, ulovleg ferdsel m.m. Slike opplysningar kan vere til stor hjelp i forvaltningsarbeidet.

Ilandstiging bør så sant det er mogleg skje utanom hekketida. Når det likevel

er nødvendig å gå i land i hekketida, og ein har løyve til dette, ser vi det som ønskjeleg at det skjer på dagar og tider på døgnet då vêret og temperaturen er slik at ein unngår nedkjøling (kald vind/låg temperatur) eller overoppheiting (varmt og solsteik) av egg og fugleungar. Ilandstiging i hekketida bør uansett vere så kortvarig som mogleg, ideelt sett ikkje meir enn eit kvarters tid.

6.4 Statens naturoppsyn - kontaktinformasjon

Naturoppsynet gjer ein viktig jobb med m.a. informasjons-, oppsyns-, registrerings-, dokumentasjons- og skjøtselsarbeid i sjøfuglreservata. Hovudkontoret til SNO ligg i Trondheim, med adresse Tungasletta 2, 7485 Trondheim, og telefonnummer 73 58 09 25. SNO har ca. 50 lokalkontor spreidd over heile landet. Det er lokalkontoret i Florø, ved Tore Gundersen, som har sjøfuglreservata i Sogn og Fjordane som ansvarsområde. Adressa er SNO Florø, Kinnveien 26, 6900 Florø, e-postadressa er tore.gundersen@dirnat.no og telefonnummeret 57 74 18 92 / 970 05 288.

7 Kjelder

Direktoratet for naturforvaltning 2001. Forvaltning av verneforskrifter, Rundskriv november 2001 Naturvernloven.

Direktoratet for naturforvaltning. Håndbok 17-2001 Revidert 2008 Områdevern og forvaltning.

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane 1991, Verneplan for sjøfugl, Delplan 5; Sogn og Fjordane, Fylkesmannen si tilråding etter endeleg lokal høyring m. m

Godø, G. 1982. Sjøfuglregistreringar i Sogn og Fjordane sommaren 1982. Fylkesmannen i Sogn og Fjordane.

Godø, G. 1983. Sjøfuglregistreringar i Sogn og Fjordane sommaren 1983. Fylkesmannen i Sogn og Fjordane, Miljøvernavdelinga.

Godø, G. 1984. Rapport frå sjøfuglregistreringane i Sogn og Fjordane sommaren 1984. Fylkesmannen i Sogn og Fjordane, Miljøvernavdelinga.

Godø, G. 1991. Verneplan for sjøfugl, delplan 5: Sogn og Fjordane. Miljøverndepartementet og Fylkesmannen i Sogn og Fjordane.

Godø, G. 1995. Registrering av sjøfugl i Sogn og Fjordane i 1994 og 1995. Fylkesmannen i Sogn og Fjordane, Miljøvernavdelinga.

Godø, G. 2000. Registrering av kyst- og sjøfuglbestandar og tilstandsvurdering av sjøfuglreservat i Selje, Vågsøy, Bremanger, Flora og Askvoll kommunar 01.-16.06.2000. Fylkesmannen i Sogn og Fjordane, Miljøvernavdelinga.

Larsen, B.H. 2006. Sjøfuglregistreringer på Vågsøy i Sogn og Fjordane i perioden 1999-2006. Miljøfaglig Utredning Rapport 2006:74.

Larsen, T. 2005a. Sjøfuglteljingar i Sogn og Fjordane i 2003 og 2004. Hekkefuglteljingar i sjøfuglreservata. Fylkesmannen i Sogn og Fjordane, rapport nr. 6-2005.

Larsen, T. 2005b. Sjøfuglteljingar i Sogn og Fjordane i 2005. Hekkefuglteljingar i sjøfuglreservata. Fylkesmannen i Sogn og Fjordane, rapport nr. 11-2005.

Larsen, T. 2006. Sjøfuglteljingar i Sogn og Fjordane i 2006. Hekkefuglteljingar i sjøfuglreservata. Fylkesmannen i Sogn og Fjordane, rapport nr. 5-2006.

Larsen, T. 2007. Sjøfuglteljingar i Sogn og Fjordane i 2007. Hekkefuglteljingar i sjøfuglreservata. Fylkesmannen i Sogn og Fjordane, rapport nr. 5-2007.

Larsen, T. 2008. Sjøfuglteljingar i Sogn og Fjordane i 2008. Hekkefuglteljingar i sjøfuglreservata. Fylkesmannen i Sogn og Fjordane, rapport nr. 8-2008.

Lov 1970-06-19 nr. 63: Lov om naturvern. Miljøverndepartementet

Lov 2009-06-19 nr 100: Lov om forvaltning av naturens mangfold (naturmangfoldloven). Miljøverndepartementet.

Lovdata, 18.02.2005. Forskrift om velferd for småfe. Landbruks- og matdepartementet.

Miljøverndepartementet 1999. St. meld. nr. 43 (1998-99) Vern og bruk i kystsona. Tilhøvet mellom verneinteresser og fiskerinæringane.

Miljøverndepartementet, Fylkesmannen i Sogn og Fjordane 1991, Verneplan for sjøfugl delplan 5: Sogn og Fjordane 1991

Miljøverndepartementet 1993. Kongeleg resolusjon, Verneplan for sjøfugl i Sogn og Fjordane

Måren I.E & Ekelund, K. 2005. Einstape – hvordan bekjempe den i kulturlandskapet. Blyttia 147-155.

Norderhaug, A., Austad, I., Hauge, L. & Kvamme, M. 1999. Skjøtselsboka for kulturlandskap og gamle norske kulturmarker. Kap. 10 Kystlynghei. Landbruksforlaget 1999.

TemaNord 2008. Vest-Nordiske sjøfugler i et presset miljø. Rapport fra en nordisk workshop Torshavn, Færøyene 26-29. september 2007. TemaNord 2008:573.

8 Vedlegg

8.1 Vedlegg I – Verneforskrifta

Forskrift om vern av Ønaholmane naturreservat, Hyllestad kommune, Sogn og Fjordane.

Fastsett ved kgl.res. av 28. mai 1993. Fremja av Miljøverndepartementet. Endret 13. april 1994 nr. 591.

I

I medhald av lov om naturvern av 19. juni 1970 nr. 63, § 8, jfr. § 10 og §§ 21, 22 og 23 er dei to holmane Ønaholmane, nærliggande skjer og omliggande sjøareal i Hyllestad kommune i Sogn og Fjordane fylke verna som naturreservat ved kgl. res. av 28. mai 1993 under namnet Ønaholmane naturreservat.

II

Det verna området femner om delar av gnr./bnr.: 29/1, 2, 3, 4, 5, 6.

Reservatet dekkjer eit areal på om lag 279 da, av dette er om lag 84 da landareal.

Grensene for reservatet er vist på kart i målestokk 1:5.000, datert Miljøverndepartementet januar 1993. Kartet og verneforskrifta er arkivert i Hyllestad kommune, hos fylkesmannen i Sogn og Fjordane, i Direktoratet for naturforvaltning og i Miljøverndepartementet.

Dei nøyaktige grensene for reservatet skal avmerkast i marka der dei går over land, og knekkpunkta bør koordinatfestast.

III

Føremålet med vernet er å gje sjøfuglane gode og trygge livsvilkår, og å ta vare på ein viktig hekkelokalitet for sjøfugl med naturleg tilhøyrande vegetasjon og dyreliv.

IV

For reservatet gjeld følgjande reglar:

1. All vegetasjon i vatn og på land er verna mot alle former for skade og øydelegging. Nye planteartar må ikkje innførast.
2. Dyre- og fuglevivet, herunder reirplassar og hiområde er verna mot skade og øydelegging.
Bruk av skytevåpen er forbode. Hundar skal haldast i band. Utsettjing av vilt er forbode.
3. Det må ikkje setjast iverk tiltak som kan endre dei naturlege tilhøva, som t.d. oppføring av bygningar, brygger, anlegg og faste innretningar, havbruksanlegg, opplag av båtar o.l., framføring av nye luftleidningar, jordkablar og kloakkleidningar, bygging av vegar, drenering og anna form for tørrlegging, uttak, oppfylling, planering og lagring av masse over eller under havflata, tømning av avfall, ny utføring av kloakk eller andre konsentrerte ureiningstilførsler og bruk av kjemiske middel. Opplistinga er ikkje fullstendig.
4. I tida frå og med 1. april til og med 31. juli er det i reservatet forbod mot ilandstiging og ferdsel på alt landareal, inkludert øyar, holmar og skjer, og i ei sone ut til omlag 50 meter frå land. Båtcamping og sportsdykking i 50 m sona, camping, teltslåing og oppsetjing av kamouflasjeinnretningar for fotografering er forbode.
5. Lågtflyging under 300 m er forbode.

V

Reglane i punkt IV er ikkje til hinder for:

1. Gjennomføring av militær, operativ verksemd og tiltak i samband med ambulanse-, rednings-, politi-, brannvern-, oppsyn-, skjøtsel- og forvaltningsverksemd.
2. Drift og vedlikehald av Kystverket og Televerket sine anlegg, eksisterande kraftliner og sjøkablar og ferdsel i samband med dette.
3. Tradisjonelt sauebeite, og naudsynt ferdsel i samband med tilsyn av beitedyr, gjødsling av beite og vedlikehald av eksisterande gjerde m.v.
4. Allmenn ferdsel i oppmerka skipslei og naudsynt ferdsel med båt i samband med yrkesfiske for manntalsførte fiskarar med fiskeregistrerte båtar, og grunneigarar/heimelshavarar i samband med utøving av gjeldande fiskerettar i tida med ferdselsforbod.
5. Bær-, sopp- og blomsterplukking utanom tida med ferdselsforbod.
6. Jakt i perioden frå og med 10. september til og med 31. mars.
7. Fiske, og fjerning av marine, virvellause dyr for hand, etter gjeldande lover og forskrifter når utøvaren ikkje er omfatta av ferdselsforbodet.

0 Endret 13. april 1994 nr. 591.

VI

Forvaltningsstyresmakta kan gje løyve til:

1. Felling av vilt som valdar vesentleg skade.
2. Rydding av vegetasjon m.v. når det ikkje strir mot føremålet med vernet og er i samsvar med godkjent forvaltningsplan.

VII

Forvaltningsstyresmakta, eller den som forvaltningsstyresmakta gjev fullmakt, kan gjennomføre skjøtselstiltak i samsvar med føremålet med vernet. Det kan utarbeidast forvaltningsplan, som skal innehalde nærare retningsliner for gjennomføring av skjøtseltiltaka.

VIII*

Forvaltningsstyresmakta kan gjere unntak frå verneforskrifta når føremålet med vernet tilseier det, for vitskaplege granskingar, arbeid av vesentleg verdi for samfunnet og i andre særskilde høve når det ikkje strir mot føremålet med vernet.

IX

Forvaltninga av verneforskrifta er lagt til fylkesmannen i Sogn og Fjordane.


X

Denne forskrifta tek til å gjelde straks.

* *Naturmangfaldlova § 48 gjeld i staden for den generelle dispensasjonsheimelen (VIII) i denne forskrifta. Sjå kapittel 6.2. i denne rapporten for meir informasjon om dette.*

8.2 Vedlegg II – kart som viser vernegrensene

Kopien av vernekartet er ikkje i rett målestokk.



Rapportane finn du på Miljøstatus: <http://sognogfjordane.miljostatus.no>

2008:	
1-2008	Forvaltningsplan Vestnorsk fjordlandskap, delområde Nærøyfjorden . ISBN 978-82-91031-92-7
2-2008	Stølane i Mørkridsdalen - Far etter folk . ISBN 978-82-91031-97-2 (Stor fil, 40 MB)
3-2008	Kloppemyrane naturreservat i Gloppen kommune . Forvaltningsplan. ISBN 978-82-91031-98-9
4-2008	Prosjekt Opne landskap . Sluttrapport for hovudprosjektet, mars 2005 - april 2008. ISBN 978-82-91031-99-6
5-2008	Rettleiingshefte for utsiktsrydding langs veg , Prosjekt Opne landskap 2005 – 2008. ISBN 978-82-92777-00-8
6-2008	Rettleiingshefte for landskapspleie med geit og kje , Prosjekt Opne landskap 2005 - 2008. ISBN 978-82-92777-01-5
7-2008	Prøvefiske i 26 vatn og ei elv i Sogn og Fjordane i 2007 . ISBN 978-82-92777-02-2
8-2008	Sjøfuglteljingar i Sogn og Fjordane i 2008 . ISBN 978-82-92777-03-9
2008	Olivinskogene i Norge . Rapport 2008:06 gir ei oppsummering av status og verdi. Den er utgjeven i samarbeid med Fylkesmannen i Møre og Romsdal.
2007:	
1-2007	Utgår
2-2007	Forvaltningsplan Jotunheimen nasjonalpark og Utladalen landskapsvernområde . ISBN 82-91031-93-2/ISBN 978-82-91031-93-4
3-2007	Verneframlegg for Krakksfjellet naturreservat . ISBN 82-91031-94-0/ISBN 978-82-91031-94-1
4-2007	Prøvefiske i 14 regulerte vatn i Sogn og Fjordane i 2006 . ISBN 82-91031-95-9/ISBN 978-82-91031-95-8
5-2007	Sjøfuglteljingar i Sogn og Fjordane i 2007 . ISBN 82-91031-96-7/ISBN 978-82-91031-96-5
2006:	
1-2006	Bygder i Sogn og Fjordane - tilstandsanalyse 2005 . ISBN 82-91031-87-8
2-2006	Framlegg til verneplan for edellauvskog i Sogn og Fjordane . ISBN 82-91031-88-6
3-2006	Fisk i regulerte vassdrag . Sluttrapport 2001 - 2004. ISBN 82-91031-89-4
4-2006	Ungfiskregistreringar i Lærdalselva hausten 2005 . ISBN 82-91031-90-8
5-2006	Sjøfuglteljingar i Sogn og Fjordane 2006 . ISBN 82-91031-91-6
2005:	
1-2005	Endringer i vegetasjonen (suksesjoner) i Flostranda naturreservat, Stryn . ISBN 82-91031-70-3
2-2005	Forvaltningplan for Nærøyfjordområdet; Verdsarvnominasjon: Vestnorsk fjordlandskap, Nærøyfjorden (framlegg) ISBN 92-91031-71-1
3-2005	Vern av Statskog SF sin grunn. Område i Sogn og Fjordane fylke. Luster allmenning . ISBN 82-91031-73-8
4-2005	Biologiske undersøkingar i Utladalen landskapsvernområde. Vedboande sopp på furu i Vettismorki. Lav og mose i edellauvskog i Utladalen. ISBN 82-91031-74-6
5-2005	Prosjekt Kulturlandskap og attgroing . ISBN 82-91031-75-4
6-2005	Sjøfuglteljingar i Sogn og Fjordane i 2003 og 2004. Hekkefuglteljingar i sjøfuglreservata . ISBN 82-91031-76-2
7-2005	Prøvefiske i 16 regulerte vatn i Sogn og Fjordane i 2004 . ISBN 82-91031-77-0
8-2005	Ungfiskregistreringar i åtte regulerte elvar i Sogn og Fjordane i 2004 . ISBN 82-91031-78-9
9-2005	Sluttrapport - Naturbruksprosjektet . ISBN 82-91031-79-7
10-2005	Det moderne klyngetun - buplass for fleire enn bønder . ISBN 82-91031-80-0
11-2005	Sjøfuglteljingar i Sogn og Fjordane 2005 . ISBN 82-91031-81-9
2004:	
1-2004	Utviding av Stølsheimen landskapsvernområde med Finden og Finnefjorden . ISBN 82-91031-66-5
2-2004	Prøvefiske i 18 regulerte vatn og ei elv i Sogn og Fjordane i 2003 . ISBN 82-91031-67-3
3-2004	Ungfiskregistreringar i fire regulerte elvar i Sogn og Fjordane i 2003 . ISBN 82-91031-68-1
2003:	
1-2003	Naturfaglege registreringar innanfor planlagde Ålfotbreen landskapsvernområde . ISBN 82-91031-59-2
2-2003	Strandsonerettleiar. Strandsona - ein felles ressurs! ISBN 82-91031-60-6
3-2003	Framlegg til Bleia naturreservat. Bleia-Storebotn landskapsvernområde . ISBN 82-91031-61-4
4-2003	Skjøtselsplan for Findabotten i Stølsheim landskapsvernområde . ISBN 82-91031-62-2
5-2003	Prøvefiske i 23 regulerte vatn i Sogn og Fjordane i 2002 . ISBN 82-91031-63-0
6-2003	Ungfiskregistreringar i sju regulerte elvar i Sogn og Fjordane i 2002 . ISBN 82-91031-64-9
7-2003	Verneframlegg for Ålfotbreen landskapsvernområde. Høyringsutkast. Del 1, del 2, del 3, del 4, del 5. ISBN 82-91031-65-7